



Årsrapport 2019

Vedtatt av styret i møte 25.02.2020
(sak 03/20)



«Brødrene» på Helgelandskysten: Med fantastisk innsats frå venneforeininga og støtte frå Ryfylkefondet kunne museet i 2019 verkeleg vise fram ein av skattane våre. Frå Rogaland til Nordland gjekk seglasen for å markere opninga av det nye jektefartsmuseet i Bodø.

Innhald

0 Innleiing og samandrag	3
1 Organisering av verksemda	5
Venneforeiningar	6
Styret	7
Tilsette	9
Frivillig arbeid	11
Kvalitetssikring	13
Økonomiske rammevilkår	14
2 Museet som samfunnsmiljø	16
Bygningar	16
Fartøy	18
Samlingsforvalting	19
Dokumentasjon og forsking	24
Publikasjonar	25
3 Museet som møteplass	26
Utstillingar	26
Tilgjengeleghet og besøk	27
Andre publikumstjenester	31
Takk	32

0 Innleiing og samandrag

Årsrapporten til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På nokre punkt er likevel årsrapporten utfyllande samanlikna med resultatrapporten. Resultatrapporten og årsrapporten viser at vi i stor grad har nådd måla våre i vedtatt handlingsprogram og årsplan. På nokre område har vi oppnådd svært gode resultat.

Høgdepunkt

Nedanfor følger eit oversyn over nokre av høgdepunkta i 2019:

- Eit av dei store høgdepunkta i år var opninga av ei ny utstilling i Sauda industriarbeidermuseum. Utstillinga «Under røyken – om livet i Åbøbyen» blei opna den 15. mai, med vel over 70 besökande på opningsdagen. Utstillinga har fått mange positive tilbakemeldingar, og vi sjølv synest ho har blitt veldig bra og kan måle seg med utstillingar i same storleiken på dei store musea i byane. Utstillinga tar utgangspunkt i industriarbeidaren som menneske og fortel både om familielivet, Åbøbyen og arbeidet på verket. Takka vere auka tilskott frå Sauda kommune kunne vi òg inngå avtale med Sauda Ferie & Fritid for å ha sommarope på Industriarbeidarmuseet. I tillegg har vi ein avtale med Sauda sogelag, som hjelper til med å halde museet ope enkelte dagar utanom sesongen.
- Eit anna høgdepunkt var storseglasen til «Brødrene af Sand», som i juni/juli reiste heilt til Bodø for å markere opninga av det nye jektefartsmuseet. Turen gjekk utan problem eller uføresette hendingar, og det var eit veldig nøgd mannskap som begynte å snakke om neste tur nesten før dei var komne heim. Turen hadde fleire formål. For det første var dette eit eventyr for venneforeininga, som la ned vel over eit årsverk i dugnad for å få til reisa. Slike høgdepunkt er viktige med tanke på å halde motivasjonen oppe og rekruttere nye medlemmar. For det andre fekk Ryfylkemuseet vist ein av skattane våre i 25 hamner i 6 fylke. Vi har kanskje ikkje nøyaktige besøkstal, men vi veit at båten fekk mykje merksemd alle stader, og turen kan kallast eit kupp i formidling. I tillegg er det nye jektefartsmuseet ein viktig del av arbeidet med å synleggjere kor mykje kystfarten har betydd for Noreg. At vi er med på opninga, er dermed òg eit bidrag til å fremje kunnskap om jektefart på nasjonalt nivå, og – ikkje minst – det var ein veldig flott måte å synleggjere Ryfylkemuseet i både fagmiljøet og overfor myndighetene. Vi fekk støtte frå Ryfylkefondet til prosjektet.
- Den tredje store hendinga i første halvdelen av 2019 var at dei to handverkarane våre blei ferdige med bacheloren i NTNU-studiet tradisjonelt bygghandverk. Begge bestod med glans (karakteren A) og kan med rette vere stolte over resultatet.


- Vi kan fortelje om andre hendingar òg. Det skal nemnast at samlingsavdelinga før sommaren kunne opplyse om at vi nå har over 10 000 bilde lagde ut på Digitalt Museum. Ryfylkemuseet ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld delen av samlinga som er digitalt registrert og tilgjengeleg, og det synest vi er bra.
- Folkemusikkarkivet har dei siste åra jobba hardt for å få gjennomført to store rekrutterings- og formidlingsprosjekt, «Bygda dansar Rogaland» og «Fuglen». «Bygda dansar» er nå avslutta, mens «Fuglen» skal halde fram. Det store målet med «Fuglen» er å etablere ein møteplass / eit årleg folkemusikkseminar som er sjølvgåande. Førebels treng «Fuglen» framleis tett oppfølging av folkemusikkarkivet. Vi er nå i gang med arbeidet for å finne finansiering for å kunne bygge vidare på interessa som dei to prosjekta har skapt.
- Bygningsavdelinga har komme eit stort skritt vidare med restaureringa av «Dampen». Vi fekk beskjed i mai 2019 om at tilskottet frå fylkeskommunen måtte bli brukt same året. Difor blei prosjektet prioritert i haust. Diverre fekk vi avslag på fleire søknadar, slik at vi mangla 250 000 kroner til fullfinansieringa av fase 1 av restaureringa. Museet valde likevel å køyre vidare med prosjektet og skal dekke ekstrautgiftene gjennom å sette av overskotsmidlar frå 2018. Vi valde å gjøre dette fordi arbeidet med fase 1 måtte gjennomførast i ein samanhengande innsats.
- Museet kom mot slutten av året i gang med internt utviklingsarbeid. Dette omfatta fleire tiltak. Det største tiltaket var å tilsette ein prosjektleiar i ei lita delstilling, som skal gjennomføre eit fagleg utviklingsprosjekt som fekk arbeidstittelen *Stay relevant – Korleis skal dei ubemannna museumsanlegga våre vere berekraftige og relevante ressursar for eit moderne samfunn i framtida?* Prosjektet skal etter planen avsluttast hausten 2021, og vi har store ambisjonar om å finne nokre svar på vanskelege spørsmål.
- Ryfylkemuseet har vore i dialog med fleire kommunar om fornying av avtalen eller ein ny avtale etter kommunesamanslåinga i 2020. Signala har vore stort sett positive, og vi er optimistiske om at vi vil komme til einighet i 2020 i dei fleste tilfella.
- Ikkje eit høgdepunkt slik sett, men det skal nemnast her at den årlege tilstandsvurderinga om våren viste at Guggedalsloftet har fått skadar. Det ser ut som om årsaka er skeiwt fundament, som har ført til utglidinger av taket og presskadar. Vi er i dialog med Riksantikvaren og har sett i gang strakstiltak for å sikre at ikkje skadane forvollar seg, men den første vurderinga tyder på at dette vil krevje omfattande tiltak dei neste par åra. Guggedalsloftet er det eldste bygget (frå 1280-talet) museet har, og vil difor bli høgt prioritert.
- Sist, men ikkje minst, kan vi nemne at driftstilskottet frå dei andre kommunane (utanom vertskommunen Suldal) har blitt auka frå 250 000 til 410 000 kroner i år. Forsand og Finnøy har gitt 50 000 kroner kvar. Sauda har auka tilskottet frå

100 000 til 150 000 kroner. Strand har auka driftstilskottet med 10 000 til 60 000 kroner. Det vil vi takke for!

1 Organisering av verksemda

Museet har sidan 1991 vore organisert som ei sjølegegande, privat stifting. Styret blir utnemnt av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

Museet har ein nokså flat organisasjonsstruktur. Fagavdelingane gjennomfører det faglege arbeidet, mens administrasjonen og direktøren tar hand om funksjonar for heile organisasjonen.





Det var ein gong i gamle dagar, då var det mykje snø. Så mykje blei det i januar 2019 at heile staben på museet måtte ut til måkedugnad.

Venneforeiningar

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 313 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

KOMMUNE	2017	2018	2019
Forsand	2	3	2
Strand	15	14	14
Hjelmeland	35	33	33
Suldal	120	115	102
Sauda	29	27	27
Finnøy	24	23	22
Rennesøy	17	16	14
Kvitsøy	3	2	4
Andre	96	101	95
SUM	341	334	313

Årsmøtet for medlemmane blei halde på Sand den 21. mars 2019. I samband med årsmøtet inviterte museet til eit demonstrasjonsforedrag av handverkarane på verkstaden.

I styret for venneforeininga sit Ellen Jensen Roalkvam, Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Anfrid Halsne er varafolk. Venneforeininga er medlem i forbundet for Norske Museumsvenner og deltar på årsmøta til forbundet.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det ei sjølvstendig venneforeining for «Brødrene af Sand». Foreininga «Suldalsdampen», som har ått og drive M/S «Suldal» fram til museet overtok ansvaret for båten, blei danna om til venneforeining i museet i 2014. Museet samarbeider dessutan med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.



Tradisjonshandverk har vore eit viktig satsingsområde for Ryfylkemuseet i fleire år, men i 2019 tok dette litt av.

Her viser handverkaren og driftsleiar Sven Hoftun ein teknikk i endepløyning som han og kollegaen Kjell Gunnar Haraldseid klarte å attskape, til årsmøtet i venneforeininga.

«I dag er det to mennesker i Noreg som kan den teknikken, og begge står her nå», kunne ein tilfreds Sven fortelje.

Handverksforskinga som blei presentert, var del av arbeidet med ein bachelor i tradisjonelt bygghandverk som dei to blei ferdige med i 2019.

Styret

Styret har 13 medlemmar. Terjer Hidle var styreleiar fram til mars 2019. I styremøte i juni blei Tormod Skeie konstituert som styreleiar til konsolidering av nytt styre i februar 2020. Desse har sete i styret i 2019:

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):

Terjer Hidle (til mars 2019)

Audun Rake (frå mars 2019)

Kristoffer Nødland

Vara: Anne Brit Solland

Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):

Tora-Liv Thorsen, Forsand

Snorre Kristian Walde, Strand

Arnfinn Olsen, Hjelmeland

Tormod Skeie, Suldal

Ivar Johannes Handeland, Sauda

Else Norheim, Finnøy

Vara: Thore Håland

Vara: Trond Hjorteland

Vara: Berit Søvik Østerhus

Vara: Kari Vaage Gjuvsland

Vara: Kjell Steinar Andersen

Vara: Rasmus Hidle

Anne-Kristin Sæther, Rennesøy
Gro Andrews Steine, Kvitsøy

Vara: Aadne Aasheim Andersen
Vara: Bente Meling

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):
Hanne Marte Vatnaland

Vara: Torkel Myklebust

For dei tilsette:

Kjell Gunnar Haraldseid
Anette Opheim

Vara: Janneke Wijgergangs
Vara: Åshild Vetrhus

Styret har hatt 4 møte og behandla 19 saker.



Ryfylkemuseet er òg til stades på messer og bygdedagar. Her på Gladmatfestivalen 2019.

Tilsette

Ryfylkemuseet har i 2019 vore prega av uro på personalsida. Tre medarbeidrarar har pensionert seg til sommaren, og to nye kollegaer begynte rett over sommaren. I tillegg hadde vi tre foreldrepermisjonar (som utgjorde til saman ca. 1,5 årsverk). Vi hadde inn vikarar og har oppretta ei stilling i eit årsengasjement som kontormedarbeidar/vert og eit seksmånaders engasjement som kontormedarbeidar. Frå hausten har vi i tillegg oppretta ei prosjektstilling som handverkar med varigheit på tre år og ei prosjektleiarstilling på to år.

Dette har gjort arbeidskvardagen noko uføreseieleg, men vi har likevel klart å halde oppe eit høgt aktivitetsnivå.

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar

Anna Ehrhardt, direktør

Sanja Ignjatic, kontorleiar

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30 %)

Rahmo Abdull Weydow Ali, reinhaldar (20 %)

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar samlingar (70 %) fram til 31. august
Bernd Elmies, arkivar (80 %)

Arp Schmidt, avdelingsleiar samling frå 1. september

Åshild Vetrhus, avdelingsleiar folkemusikkarkivet (60 %)

Tove Solheim, amanuensis folkemusikkarkivet (40 %)

Janneke Wijergangs, avdelingsleiar formidling (80%)

Kjersti Moe, formidlar (foreldrepermisjon store delar av året)

Anette Opheim, formidlar

Stina Ekelund Erlandsen, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga (foreldrepermisjon i varierande %)

Grete Holmboe, antikvar, rådgivar (20 %) fram til 1. juni

Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar

Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80%) fram til 11. august

Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar (deltid – foreldrepermisjon frå august)

Kirsten Hellerdal Fosstveit, bygningsantikvar for Rogaland

Berit Tysseland, handverkar (frå august)

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar



Kjell Johnsen, Grete Holmboe og Trygve Brandal takka for seg i 2019. Dei tre har vore med museet i mange år og har stor del i at museet utvikla seg slik det gjorde. Vi kjenner saknet og ønsker alle tre mange gode år som pensjonistar.

Mellombelse stillingar

Ellen Bjerkan, vikar formidlingsavdelinga (80 %) til februar

Mads Drange, prosjektleiar (30 %) frå august

Mark Laurenson, prosjekthandverkar (60 %) frå oktober

Astrid Elisabeth Figenschou, vert/kontormedarbeidar i engasjement (60 %) frå mars

Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement

Ryfylkemuseet har kvart år ei rekke sesongtilsette, skrankevertar og andre i liten stillingsdel. Desse utgjer cirka eitt årsverk til saman.

Det samla talet på utførte årsverk var i 2019 om lag 16 (ca. 1,5 av desse var foreldrepermisjonar).

Sjukefråværet har i 2019 vore på 4,2 prosent, ein auke mot 3,5 prosent i 2018. Dette skriv seg i hovudsak frå ei langvarig sjukemelding.

Prosjektengasjerte medarbeidarar

Roy Høibo og Lise Bjelland fekk oppdrag om å lage årbok i Folk i Ryfylke-serien *Ryfylke før og nå*.

Ragnhild Folgerø Birkeland, prosjektmedarbeidar Sauda lokalarkiv, Sauda Ferie & Fritid.

Fellestenesta for Musea i Rogaland

Eit hovudgrep i Regionalplan for Museum (Rogaland fylkeskommune, 2011) var å etablere fellestenester for samlingsforvalting.

Det blei alt i 2012 oppretta ei prosjektstilling for fotobevaring. Stillinga er lokalisert hos Haugalandmusea, men arbeider for alle regionsmusea i Rogaland og for Norsk Oljemuseum. Dette gjeld alle fellesstillingane. Fotoutstillinga har tilført Ryfylkemuseet auka kapasitet og kompetanse i arbeidet med fotosamlinga.

Det er oppretta tre stillingar som arbeider med katalogisering av museumsgjenstandar. Desse er kalla Samlingsteam Rogaland og er knytte til Jærmuseet. Det er òg oppretta ei stilling som bygningsantikvar knytt til fellesstillingane. Stillinga er lagd til Ryfylkemuseet, og frå 2018 blei dette ei fast stilling ved museet.

Etter initiativ av bygningsantikvaren i Fellestenestene for musea i Rogaland gjekk dei fem regionsmusea og Norsk Oljemuseum i lag og danna eit regionalt nettverk for bygningsvern hausten 2019.

Frivillig arbeid

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedanfor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for «Brødrene af Sand» utfører eit stort arbeid for å halde «Brødrene af Sand» i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet. Båten er i drift heile sommaren og har vorte nytta i ulike typar formidling gjennom sommarsesongen med venneforeininga som mannskap.

På Kvitsøy deltok venneforeininga i aktivitetar på Hummarmuseet. Det er òg etablert eit hummarklekkeri i tilknyting til museet som venneforeininga drifta.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

I Sauda er det frivillig aktivitet knytt til Industriarbeidarmuseet. Dei bidreg med omvisingar, men har i tillegg engasjert seg i arbeidet med ny utstilling og vern av samlingane. I 2019 har vi hatt samarbeid med Sauda sogelag om å halde ope museet nokre dagar. Sogelaget nyttar òg lokala til møteverksemd.

På Jelsa driv ei frivillig gruppe eit programarbeid i skulemuseet. Dei møtest ein gong kvar månad, har som regel eit foredrag, og så syng dei frå songbøker som er kjøpte inn til formålet.

Venneforeininga til Ryfylkemuseet har ikkje hatt store aktivitetar dei siste åra. I 2019 blei det gjennomført årsmøte og tre styremøte.

Museet dreg nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland Fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

Foreininga Suldalsdampen har tatt vare på M/S «Suldal» like sidan han gjekk ut av drift i 1979. Etter at museet har overtatt ansvaret for båten, er foreininga gjord om til ei venneforeining som skal hjelpe til med sikring, restaurering, vedlikehald og drift av båten. Venneforeininga har dei siste åra deltatt i fleire møte om vidare finansiering av restaureringsarbeidet, dette i tillegg til å halda omvisingar på Strandaneset der båten nå ligg på slipp.

I arbeidet med attreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet.



Takk til «Brødrene» si venneforeining, som stiller som mannskap, utfører vedlikehald og steller godt med båten. Trolsk stemning i Jøsenfjorden den 22. august på ein tur arrangert med Hjelmeland kommune.

Kvalitetssikring

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med AktiMed. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som listar opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.

Museet blei meldt inn som IA-bedrift i 2008. Avtalen blir jamleg fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga blir følgd opp med deltaking på kurs.

For å sikre god dialog og deltaking blir det arrangert personalmøte kvar månad og eit todagars personalseminar kvart år. I 2019 blei personalseminaret gjennomført på Kulturhuset på Sand. Det blir òg gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette kvart år.


Det blir frå overordna myndigheter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. Med bakgrunn i krav frå Kulturdepartementet om å legge reviderte planar til grunn for ei rekke arbeidsområde ved budsjettsoknaden til departementet er det utarbeidd planar for bygningsvern, dokumentasjon og forsking, nettverk og samarbeidstiltak, formidling, samfunnsrolla og for ansvars- og oppgåvefordelinga. Etter at det i 2015/2016 blei gjennomført eit prosjekt for prioritering i bygningssamlinga, er det utarbeidd nye forvaltingsplanar for fem av anlegga til museet. Våren 2017 blei det utarbeidd internkontroll for personopplysingar og informasjonssikring ved Ryfylkemuseet, som òg inneheld ein handlingsplan for det vidare arbeidet. Hausten 2017 blei det utarbeidd ny beredskapsplan for Ryfylkemuseet, som blei presentert i personalmøte i januar 2018. Det blir òg arbeidd med ein kompetanseutviklingsplan for museet.

I 2019 blei det skriven ein ny plan for formidling, handlingsprogrammet blei revidert, det er utarbeidd nytt system for timeregistrering og resultatrapportering som blir tatt i bruk frå 1. januar 2020. I tillegg er planlegginga av revidering av strategisk plan starta.

For å halde ved like og utvikle kompetansen til dei tilsette deltar vi på samlingar, møte, kurs, seminar og konferansar innanfor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklande aktivitetar. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

Økonomiske rammevilkår

Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilskott, tilskott til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs, med meir.



Museumsreforma har gitt grunnlag for ein vekst i årsbudsjetta, særleg fram til 2015. Dei siste åra ser vi at denne utviklinga flatar ut. Museumsreforma har vore eit statleg program for vidareutvikling av musea. Summen av bokførte driftsinntekter i 2019 var 16,07 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskotta 13 mill. kr. Driftstilskottet for 2020 er om lag 13,1 mill. kr. Utviklinga av dei samla inntektene sidan 1990 har vore slik:

Kulturdepartementet bidreg med det største tilskottet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Dei andre kommunane i Ryfylke bidreg med mindre støtte til drifta. Driftstilskotta frå staten, fylkeskommunen og kommunane utgjorde i 2019 om lag 81 prosent av dei samla inntektene til museet.

Veksten i inntektene det siste tiåret har gitt grunnlag for auke i personalet og ein styrkt innsats på mange område, men Ryfylke er ein stor og mangfaldig del av landet, noko som gjer at oppgåvene alltid er fleire enn det vi rekk å ta i ferd med.



Bruk av vasskraft har i fleire hundre år vore ein viktig del av livet i Ryfylke. Slike kulturmiljø som her på Kvednahola er verdifulle kulturminne. Dei fortel mykje om livet før, og dei er spennande å sjå. Dei er også vanskelege å bevare fordi dei krev mykje vedlikehald og er dyre, og fordi alt arbeid og besök er ei utfordring med tanke på sikkerheita.

2 Museet som samfunnsminne

Den eine, store oppgåva til musea er å vere *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker vi å løyse gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring (og formidling av dette arbeidet, sjå punkt 3).

Bygningar

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar, er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for, 81. Dette inkluderer administrative bygningar og bruksbygningar som til dømes naustet på Strandnes. Grunnen til at talet er lågare enn i 2018, er at vi har hatt ei bygningsundersøking og har bestemt oss for å definere vassrenner som ein del av tilhøyrande bygning i staden for å telje desse som ei eiga bygning. Dette er i samsvar med retningslinja frå Kulturrådet. Fartøy er heller ikkje lenger med, dei er ført opp i eit eige underkapittel. Bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

Kommune	Stad	Eigar	Tal
Forsand	Bergevik	grunneigar/Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	sjølv	10
Suldal	Håland	sjølv	3
	Jelsa	sjølv	1
	Sand	sjølv	2
	Kvæstad	sjølv	2
	Ritland/Vasshus	grunneigarane	4
	Kolbeinstveit	sjølv	16
	Øystad	grunneigarane	3
	Lalid	grunneigarane	1
	Røynevarden	sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
	Strandaneset	sjølv	1
Sauda	Hustveit	sjølv	12
	Åbø-byen	sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	2
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
Sum			81

Alle bygningane i samlinga til museet er registrerte i bygningsmodulen i Primus, og dei fleste er publiserte på nettstaden Digitalt Museum.

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadfunksjonar, eit bygg for lager- og verkstadfunksjonar på Sand og eit overbygg for slippen til «Suldalsdampen» på Strandaneset.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: det eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Det andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi legg stor vekt på å hente fram, dokumentere og føre vidare den handlingsborne tradisjonskunnen som vi ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Noreg har slutta seg til, og der handverkskunnen er ei av dei prioritære arbeidsoppgåvene.

Rapporten frå prosjektet «Prioritering i bygningssamlingar» og forvaltingsplanar for anlegga Kolbeinstveit, Hustveit, Industriarbeidarmuseet, Viga og Li er viktige verktøy for å sikre det vidare vedlikehaldet av bygningane. Utfordringa framover er å vurdere kunnen som vi har samla, og utvikle langsiktige strategiar for anlegga som er både økonomisk berekraftige og fagleg tilfredsstillande. Etterslepet i vedlikehaldet og løpende arbeid gjer bevaring av bygningane til den mest ressurskrevjande oppgåva for museet i eit lengre perspektiv.

Sidan hausten 2015 har Ryfylkemuseet hatt to handverkarar som studentar ved NTNU på studiet i tradisjonelt bygghandverk. Begge avslutta studiet i 2019 med ein bachelorgrad.




Her blir tømmer lasta av «Brødrene» til eit kurs på Natvigs Minde. Flott samarbeid, og ikkje minst fekk «Brødrene» utføre oppgåva ho blei bygd for.

Fartøy

Museet eig tolv mindre båtar og to større, Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand» og passasjerskipet M/S «Suldal».

Etter å ha vore på slipp hos Ryfylke trebåtbyggeri på Finnøy fram til våren 2017 var «Brødrene af Sand» i 2018 tilbake i drift ved Ryfylkemuseet. Det har vore stor aktivitet dei siste to åra. Det mest verdfulle resultatet kan ikkje bli målt økonomisk, men ligg i fornaya engasjement i venneforeininga og interessa som vi opplever frå befolkninga når båten er synleg langs kysten. I 2019 kunne vi då òg skryte med ein skikkeleg suksess, når «Brødrene» kunne sjåast langs kysten frå Rogaland til Nordland, i 6 fylke og 25 hamner.

M/S «Suldal» blei i 2014 overført frå Foreininga «Suldalsdampen» til museet. Sidan overtakinga har Ryfylkemuseet fått reist eit vernebygg for skipet som nå ligg på slipp på Strandaneset ved Suldalsvatnet. I 2018 blei arbeidet med ein teknisk-historisk rapport avslutta. Vi fekk i 2018 avslag frå Riksantikvaren, men tilseigner frå fylkeskommunen og Ryfylkefondet, noko som betyr at dokumentasjons- og restaureringsarbeidet kunne starte skikkeleg i 2019. Vi vil avslutte fase 1 i restaureringa i 2020. Utfordringa frametter blir å finansiere omfattande restaureringsarbeid før fartøyet kan settast på vatnet att.



M/S «Suldal» («Dampen») på veg inn i vernebygget.

Båten blei sett i drift i 1885, og sjølv om utsjånaden har blitt endra fleire gonger, er «Dampen» ein ikon på Suldalsvatnet.

Både kommunen, lokalt næringsliv og fylkeskommunen er veldig positive og ønsker «Dampen» på vatnet igjen.

Vi har som ambisjon å klare dette til 140-årsjubileet i 2025, men er avhengige av at vi får finansiert arbeidet.

Samlingsforvalting

Gjenstandar

Ryfylkemuseet har per 31. desember 2019 ansvaret for 21 701 kulturhistoriske gjenstandar. I løpet av 2019 har museet registrert ein tilvekst av 29 gjenstandar, gitte til museet av ulike givarar. All ny tilvekst blir fortløpende katalogisert i Primus med foto. Det blei ikkje avhenda gjenstandar.

I 2019 lånte Ryfylkemuseet ut ein gjenstand til Nasjonalmuseet. Det var eit norgesglas frå samlinga frå Finnøy.

Etter sommaren oppdaga samlingsavdelinga at det hadde komme møll inn i magasinet i Nybygget på Sand, og sette straks i gang med tiltak. Det viktigaste tiltaket var systematisk nedfrysing av alle tekstilar. Møllfeller som blei sett opp i etterkant, tyder på at vi klarte å kvitte oss med møllane før dei blei ei reell plage.



Magasinering er eit viktig tiltak for langsiktig bevaring. Også på dette feltet kjem heile tida ny kunnskap og ny teknologi, difor er det nødvendig å dra på kurs iblant. Her frå eit kurs om pakking av gjenstandar.



Eit lite utval av nye gjenstandar som er tilvekst i samlinga vår. Tekstilar er veldig flotte, men særleg utfordrande å bevare.

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgande gjenstandssamlingar:

Kommune	Stad	Tal på gjenstandar
Forsand	Forsand kommunehus (D) [1]	806
	Bergevik, sjøhuset	500
Hjelmeland	Viga (D)	2 278
	Hjelmeland bygdemuseum (D)	1 688
	Årdal bygdemuseum [2] (D)	591
Suldal	Håland	855
	Jelsa skulemuseum	67
	Sand [3]	2 591
	Kolbeinstveit	1 240
	Røynevarden	362
	Kvednahola	44
	Li (D)	1 666
Sauda	Hustveit	527
	Industriarbeidermuseet	539
	Sauda museum	1 227
Finnøy	Finnøy bygdemuseum (D)	1 900
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165
	Bakken	100
	Mosterøy bygdemuseum	455
Kvitsøy	Kvitsøy humermuseum (D)	738
Magasinet Åmøy [4]	Åmøy	3 362
Uplassert		
SUM		21 701

[1] D: Gjenstandane er deponerte til Ryfylkemuseet. Eigedomsretten ligg hos den respektive kommunen eller grunneigaren.

[2] Samlinga blei huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane blei kasserte pga. därleg tilstand.

[3] I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i Nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

[4] Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand. Gjenstandar på Åmøy frå Årdal bygdemuseum (137 stk.), Finnøy bygdemuseum (1444 stk.) og Mosterøy bygdemuseum (350 stk.) er ikkje rekna med.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytte til faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt. Det er oppretta eit inntaksutval som tar stilling til alle tilbod om gåver til museet av alle kategoriar.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: i lagerhallen som

Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i Nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

Naturhistoriske samlingar og kulturlandskapsvern

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har komme i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Norsk genressurssenter (tidlegare Nordisk genbank) og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 131 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. I 2018 blei trea utsette for beiteskadar forårsaka av hjort. Som ein konsekvens sette museet opp eit viltgjerde rundt dei historiske fruktsortane. I 2019 rasa ein del av området ut, og to tre gjekk tapte.

Gjennom kjøpet av Li har Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune fått hand om både bygningar, innmark og utmark. Museet har tatt på seg eit ansvar for forvalting og drift av bygningane, men det er uklart kven som skal ha ansvaret for skjøtselen av kulturlandskapet.

Ryfylkemuseet forvaltar i tillegg hageanlegg/kulturlandskap knytte til anlegga Kolbeinstveit, Håland, Hustveit og Industriarbeidarmuseet.



Viga frukthistorisk hage er ei av samlingane museet forvaltar, med høgast nasjonal verdi. I vår blei det større innsats for å stelle med trea.

Foto

Ryfylkemuseet har ei fotosamling som tel om lag 138 000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, eigne opptak frå arrangement og prosjekt og gjenstandsfoto. I 2019 har museet registrert ein tilvekst på 1 323 foto.

Ein prioritet var fotosamlinga etter Finn Johannessen som blei registrert og katalogisert i Primus.

Vi har om lag 32 000 kulturhistoriske foto frå Ryfylke. Ein del av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre bilde som er lånte inn frå eigarane av bilda. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysingar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagde inn i programmet Primus. Alle desse reprobilda er digitaliserte. Andre viktige samlingar er samlingar etter Alice Archer, Julius Bårdsen og Finn Johannessen.

Etter kvart som fotosamlinga blir digitalisert, kan heile eller delar av samlinga gjerast tilgjengeleg på internett. Vi legg ut foto på ein felles nettportal for norske museum, www.digitalmuseum.no. Ved utgangen av 2019 hadde vi over 10 000 foto publiserte på Digitalt Museum og vel 16 000 katalogpostar for museumsgjenstandar. Til saman har vi over 26 000 foto og gjenstandar på Digitalt Museum. Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga og om kraft- og industriutbygginga i Sauda ligg like eins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillinger. Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.

The screenshot shows a search results page for 'Alice Archer' on the Digital Museum website. At the top, there's a navigation bar with links to various museum websites and a search bar containing 'Alice Archer'. Below the search bar are filters for '1 type', '26 topics', '2 places', and '18 periods'. The main content area displays 519 results in a grid format. Each result is a thumbnail with a caption below it. Some captions include 'Tr. Alice L.H. Archer med barnebarn', 'Tr. Ruth Archer, dotter til Alice L.H. og Walter', and 'Archer, Alice Lima Hay Murray'. There are also thumbnails for 'Familie tur skog', 'Archerfamilie og venner', and 'On the rocks'. On the right side of the grid, there are buttons for 'Show in map' (0 results) and 'View timeline' (499 results). At the bottom of the page, there's a footer with links to 'Ryfylkemuseet' and other museum websites.

Ein skatt i samlinga til museet er bildesamlinga etter fotografen Alice Archer. På Digitalt Museum kan alle sjå bilda. Vi får ein del tilbakemeldingar derifrå om kor bilda er tatte, og kven som er på bildet. Det set museet stor pris på.

Video og film

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 182 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. Fire er smafilmar, og av resten er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles. Dei fleste er dokumentasjonsfilmar frå bygging av laftebygg ved bygningsavdelinga.

Lydopptak

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1144 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Lyden er gjennom åra registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kassettar, DAT-kassettar, minidisk og digitale lydfiler. Noko over halvparten av opptaka er intervju som er gjorde i samband med ulike prosjekt ved museet. Vi har i 2017 fullført arbeidet med å digitalisere desse intervjuopptaka frå lydkassettar. Det dreier seg om 445 kassettar som er digitaliserte på 844 lydfiler. Alle lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitaliserte tidlegare.

Ved innsamling av lyd bruker vi nå harddiskopptakar, og materialet blir lagra på ein server som digitale lydfiler.

Privatarkiv

Privatarksamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar over 200 arkiv. Desse er av svært ulik storleik, frå fleire hyllemeter til nokre få dokument. Noko av materialet er ferdig ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer til saman om lag 94 hyllemeter.

Det nyaste museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

Digitalt arkiv

Det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitaliserte, både av omsyn til sikring av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om vi skal få det til innanfor dei ordinære driftsmidlane.

Det digitale arkivet blir sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som vi har med Kultur IT på Lillehammer.

Bibliotek

Ryfylkemuseet har eit bibliotek til eige bruk, som òg kan nyttast av besøkande. Museet held biblioteket oppdatert med lokalhistoriske publikasjonar, årbøker frå fleire

museum og organisasjonar, museumsfaglege bøker og andre relevante publikasjonar.



Ryfylkemuseet arrangerte «ope dag på museet» i sommar. Då fekk folk anledning til å besøke eit av gjenstandsmagasina våre.

Dokumentasjon og forsking

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Arbeidet starta i 1993, og arbeidet har så langt resultert i åtte band bygdebøker for dei gamle kommunane Sand, Erfjord og Jelsa. Det står då att gamle Suldal kommune, der arbeidet nå er godt i gang.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse på tradisjonshandverk omfattar forskingsoppgåver òg, men dette er omtalt på annan stad i årsrapporten.

I 2019 starta eit handverksforskningsprosjekt i regi av det nasjonale nettverket for tradisjonshandverk og bygningsvern. Ryfylkemuseet er deltakarmuseum i dette «HårF»-prosjektet. Arbeidet starta i 2019 og vil bli avslutta i 2020.

Publikasjonar

Årboka til Ryfylkemuseet, *Folk i Ryfylke*, har i 2019 fått tittelen «Ryfylke før og nå». Boka har bildesamlinga vår som tema. Ho viser gamle bilde og nye avfotograferingar av dei same motiva. Vi hyrte inn Roy Høibo og fotografen Lise Bjelland til å lage boka.



Roy Høibo og Lise Bjelland gjorde ein formidabel jobb med årboka. Innsatsviljen var stor, og begge fekk utfordre seg – ikkje minst fysisk. Feltarbeidet kunne bli krevjande.



3 Museet som møteplass

Den andre hovudoppgåva til musea er å vere *møtestad* og *dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Suksessen til musea blir ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet. Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som høyrer til museet. Vi forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvit og identitetsbygging og til utviklinga av reiselivet i regionen. Vi ser samstundes at publikum stiller stadig større krav til eit aktivt programtilbod for at det skal vere attraktivt å besøke museet. Det vil gå fram av omtalen nedanfor at vi har lagt stor vekt på å komme dette behovet i møte.



Det er mykje jobb som ligg bak kvar ei utstilling. I dette tilfelte nokså bokstaveleg talt.

Utstillinger

Museet har hatt 20 eigenproduserte utstillinger i meldingsåret:

- «BibMus», permanent utstilling i Kulturhuset, Vikevåg
- «Garden og folka», permanent utstilling på Kolbeinstveit
- «Stavkonstruksjonen», permanent utstilling på Hustveit
- «Garden og folka», permanent utstilling på Hustveit
- «Kvitebjørnen», utstilling for barn, Nesasjøhuset, Sand
- «Skog og sagbruk», permanent utstilling, Hustveit
- «Lekmannsrørsla og bedehusa», Bethel, Finnøy
- «Kulturlandskapet», utandørs utstilling, Hustveit

- «Frå teine til fat», Kvitsøy humermuseum
- «Fiske året rundt», Kvitsøy humermuseum
- «Båten og motoren», Kvitsøy humermuseum
- «Garden og folka», Røynevarden
- «Bær og frukteventyret», Viga
- «Garden og folka», Viga
- «Bildespelet, Året rundt i frukthagen», Viga
- «Linjer i Landskapet», Flørli kraftstasjon
- «Kraftfull Kultur», Flørli Kraftstasjon
- «Heime hos industriarbeidaren 1920», Sauda industriarbeidermuseum
- «Heime hos industriarbeidaren 1960», Sauda industriarbeidermuseum
- **«Under røyken – livet i Åbøbyen», utstilling på Sauda Industriarbeidermuseum – nyopna i 2019**

I tillegg hadde museet lånt inn vandreutstillingar til Nesasjøhuset:

«Bedehusland, Sjå, eg kjem snart». Visningstid 17. november 2018 til april 2019

Utstillinga «Bedehusland» blei òg vist på biblioteket på Finnøy 20. september–10. oktober 2019

«Folkemusikk og nasjonalisme». Visningstid 7. juni 2019–29. september 2019

«Menneske og språk på vandring». Visningstid 1. oktober 2019–1. mai 2020

Ryfylkemuseet hadde også òg ei eigenprodusert vandreutstilling, «Mitt Ryfylke», som blei tilbydd til bygdedagar og liknande.

Tilgjengeleghet og besøk

Opningstider

Følgande anlegg og utstillingar har vore opne for publikum heile året:

- *Bibmus*, Kulturhuset Meieriet, Viklevåg, Rennesøy.
Heile året utanom sesong (måndag–onsdag og laurdag).
Sommarsesong (måndag, onsdag og laurdag).
- *Jonegarden*, Hustveit, Sauda.
Døgnopen og tilgjengeleg for publikum heile året.
- *Hjelmeland bygdemuseum*, Hjelmeland.
Ope heile året (tysdag–fredag).
- *Nesasjøhuset*, Sand, Suldal.
Ope heile året (måndag–laurdag, alle dagar i sommarsesongen).
- *Røynevarden*, Suldal.
Døgnopen og tilgjengeleg for publikum heile året.

Følgande anlegg og utstillingar har vore opne for publikum i sommarsesongen, under arrangement eller på bestilling:

- Utstillinga «Lekmannsrørsla og bedehusa», på bedehuset Bethel, Judaberg, Finnøy. Ope på bestilling og under arrangement.
- Utstillingar «Kraftfull kultur» og «Linjer i landskapet», Flørli, Forsand. Sommaropne.
- *Viga bygdetun* med fleire temautstillingar, Hjelmeland. Sommaropne.
- *Hummermuseet* med fleire temautstillingar, Kvitsøy. Sommaropne og under arrangement, i tillegg på bestilling. Ryfylkemuseet hadde i 2018 ein prøveavtale med Kvitsøy kommune om at dei ordna sommarope og guiding og fekk då også inntektene. Det verkar som om ordninga blir sett på som vellykka av begge partar.
- *Industriarbeidermuseet* med miljøutstillingar og mellombels utstilling, Sauda. Ope under arrangement, enkelte dagar i sommarsesongen og på bestilling.
- *Kolbeinstveit*, Suldal. Sommarope.
- *Litunet*, Suldal. Sommarope.
- *Skulemuseet med omvising i Jelsa kyrkje*, Suldal. Ope for grupper på bestilling.
- «*Brødrene af Sand*», historisk jekt, Sand, Suldal. Tilgjengeleg for publikum under forskjellige arrangement gjennom året, t.d. Ryfylkedagen, Tall Ships Races. I tillegg kan grupper bestille turar.

Arrangement

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år rundt 80 arrangement av ulike slag. Arrangementa inkluderer internasjonal kafé, småbarnskafé, gruppebesøk, konserter, skuleopplegg, barnehagebesøk, foredrag, kurs, med meir.

Nokre arrangement kan gjennomførast fleire gonger per år og betyr noko spesielt for museet. Her kan nemnast særleg internasjonal kafé, som mange identifiserer med museet, nissekveldar, som har blitt ein populær tradisjon i Hjelmeland, Sauda og Suldal, og Folk på Fredag, konserterien folkemusikkarkivet arrangerer i samarbeid med Suldal kulturhus.

Av andre arrangement er den årlege Folkemusikkhelga blitt ein institusjon, og «17. mai for alle» er populær både blant nordmenn og innvandrarar. Museet arrangerer dessutan ei rekke foredrag og kurs kvart år, i 2018 kan vi spesielt nemne

samarbeidet med Fortidsminneforeininga om handverkskurs og med Bygdekvinnelaget om songkveld på Håland.

Vi kan også nemne venneforeininga til «Brødrene» som opna båten til besøkande i kvar av dei 25 hamnene dei la til under turen til Bodø. Det var mange interesserte som kom innom for å sjå og høre om båten – og som fekk litt meir kunnskap om Ryfylke med på kjøpet.



Ein av fordelane med arrangement for ungar er at dei ikkje bryr seg så hardt om det regner. Piratframsyninga under Ryfylkedagane 2019 blei ein suksess trass i mykje regn. Berre hoppeslottet drukna.

Barn og unge

Ryfylkemuseet har frå cirka 2012 hatt ei satsing på barnekultur og barnelitteratur. Utstillinga «Kvitebjørnen», basert på ei forteljing av Rasmus Løland, blir aktivt nytta i denne formidlinga og er populær blant ungane. Vi har særlege tilbod til barn i alle skuleferiar. Det er tidlegare utarbeidd undervisningsopplegg for fleire av anlegga til museet. I 2016–2018 blei eit undervisingsopplegg med segner og eventyr frå Ryfylke tilbydd til alle skular (1.–7. klasse) i Ryfylke. Det har elles vore skulebesøk (inkl. introsenteret) på fleire av museumsanlegga gjennom året. I 2019 fekk fleire skular tilbod om besøk frå museet.

Folkemusikkarkivet har i perioden 2016–2019 satsa sterkt på to rekrutteringsprosjekt spissa mot ungdommar, «Bygda dansar» og «Fuglen». Særleg «Fuglen» har vore ein suksess, då ein kan sjå at fleire ungdommar kjem om og om igjen. «Bygda dansar» blei avslutta i 2019, mens «Fuglen» fortset.

Den årlege Folkemusikk- og dansehelga i Suldal i november samlar deltagarar på tvers av generasjonar, men fleirtalet av deltagarane på kursa er barn og unge. Kursa er opne for både nybegynnarar og dei som har halde på ei stund.

Formidling til barn og unge inngår òg i programmet for bruk av byggeplassane våre som lærearenaer. Vi har i 2019 vore på yrkes- og utdanningsmessa i Sauda.

Året blei avslutta med dei etter kvart tradisjonsrike nissekveldane som blei arrangerte på Kolbeinstveit, Håland og Hustveit før jul. Nissekveldane er tilpassa barn i ulike aldrar og innehold forteljingar om nissen i norsk folkekultur.



Dei var heldige dei som stoppa for å nyte ein matbit i finvêret på Kolbeinstveit.

Besøk

Ryfylkemuseet hadde i 2019 i overkant av 18 000 besøkande. Det er ein betydeleg nedgang samanlikna med besøksrekorden året før. Samstundes har talet for besøk med inngangsbillett gått litt opp. Det viser at vi i 2019 brukte mindre krefter på gratis tilbod på eksterne arenaer, men la ned storparten av innsatsen i eigne arrangement og opningstider.

Storseglasen «Brødrene af Sand» gjorde til Bodø, er det vanskeleg å sette tal på. Båten var innom 25 hamner og hadde ope båt i kvar av dei. Vi reknar difor minimum 250 besøkande. Ein må likevel ta med seg at langt fleire har sett båten under turen.

Generelt så ser vi ein negativ trend for besøk av anlegga våre i sommarsesongen. Arrangement som internasjonal kafé og nissekveld ser derimot ut til å vere populære. Utstillinga «Kvitbjørn» er framleis populær. Vi hadde besøksrekord på Sauda industriarbeidarmuseum i fjor, mest i samband med utstillingsopninga, men også då var det langt fleire som kom til arrangementsdagar, enn i vanlege sommaropningstider.

Vi ser at vi har behov for å jobbe meir nyansert og strategisk med publikumsutvikling framover. Vi kan òg konkludere med at det å vere synleg på eksterne arenaer kan vere ein viktig måte å nå befolkninga og turistane på.

Digitale medium

Museal verksemd er ikkje lenger låst til anlegga museet har. Særleg synleg blir dette på den digitale arenaen. Vi ser at vi er nøydde til å vere til stades digitalt, og at vi kan nå mange menneske, sjølv om det kan vere utfordrande å telje desse.

Ryfylkemuseet har både heimeside, facebookside og instagramkonto. I tillegg har museet facebooksider og instagramkontoar for enkelte anlegg. På desse sidene sørger sommarguidane for at det blir lagt ut nye innlegg jamleg under sesongen, og for at det blir gitt informasjon om arrangement som kjem. Bygningsvern i Rogaland er ei anna facebookside som museet er aktivt involvert i.

Ryfylkemuseet lanserte i 2018 ein app som gjer det mogleg for turistar og andre besøkande å finne anlegga til museet og få ei verdifull formidling utanfor opningstidene òg. På sikt er målet at viktige kulturmiljø og kulturminne utanfor museumsveggene òg skal kunne formidlast i appen.

Andre publikumstenester

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, særleg innanfor bygningsvern. Oppdragsgivarane er både kommunar og privatpersonar.

Fotosamlinga vår har mange eksterne brukarar som er på leit etter bildestoff til ulike formål. Tilgjengeleggjering av samlingane våre på Digitalt Museum genererer etterspurnad etter kopiar av bildemateriale.

Bygdebokskrivaren har mykje besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk og andre som er på leit etter tradisjonsmusikk og -dans frå Rogaland. Dei kan, på visse vilkår, få kopiert ut materiale frå arkivet.



Opning av vandreutstillinga «Menneske og språk på vandring».

Takk

Vi vil takke Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, vertskommunen Suldal, medlemskommunane våre og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Vi vil takke venneforeiningane og andre frivillige for fantastisk innsats og all støtte. Ikke minst vil vi takke dei dedikerte medarbeidarane våre som jamleg yter meir enn kva ein leiari kan forlange.

Sand, 25. februar 2020

Tormod Skeie
Konst. styreleiar